



Paul Simonson saman med kona Lonnie, sonen Leif og to tremenningar på Rabben torsdag. Dei er Reidar Myklebust og Målfrid Eltvik (busett i Bergen). (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Uskedalen er som ein nasjonalpark. Eg trudde ikkje at det var så vakkert her.

Paul Simonson (61) frå San Fransisco sa dette til uskedalen.no då han var tilbake på Rabben etter ein tur opp til Friheim torsdag ettermiddag.

Bestefaren hans, Samson Myklebust (1880/1959) var frå Rabben og bestemora Alice frå Friheim. Paret busette seg i 1907 i Jasper, som ligg i sørvestre hjørnet av Minnesota og dei reiste aldri tilbake til Noreg. Heller ikkje foreldra til Paul, Esther fødd Myklebust og Sterling Simonson frå Stavanger, skulle få sjå landet der dei hadde røtene sine. Og første besøket til Paul, kona Lonnie (61, med tre norske besteforeldre) og sonen Leif (18) har gjort eit djupt inntrykk. I Uskedalen har Paul møtt fire tremenningar og det har vore eit møte prega av sterke kjensler.

- Det er som om vi har kjent slektningane våre heile livet. Vi er imponert over den generøsitet og spirit vi har møtt her. Og så er vi imponert over sjølve landet. Noreg er moderne, men likevel har nordmennene teke godt vare på det, var attesten frå Paul.

Familien overnatta i "nyhuset" på Rabben og det er eit kapittel for seg.

– Aldri har eg sett noko så kreativt. Neste gong eg kjem vil eg bu i kjellaren, sa Paul til tremanning Reidar.

Paul hugsar bestefaren godt sjølv om han var ein ung mann då Samson gjekk bort i 1959. To av dei sju barna reiste til Amerika, men broren Jens døydd ung. Samson drog "over dammen" i 1905, men to år etter drog han attende og henta brura si på Friheim. Dei opparbeide 320 dekar steinrik jord til ein god potetfarm. Samson vart og ein leiar i den vesle byen med 300 innbyggjarar og sat ei tid som formann i skulestyret. Han og kona (som levde til ho var 93) var også aktive i kyrkja. Dei sju ungane deira gjekk alle på high-scool og med eit unntak gjekk også alle på college. Ein av dei, Helmer, vart ein framstående professor i biologi.

Faren til Paul var lutheransk pastor og mora lærar. Sjølv er han importør av stein, mellom anna marmor frå Italia. Han voks opp i byen Sioux Falls, som ligg så vidt innanfor grensen til South Dakota, men dei siste 30 år har familien vore busett i California..

Gjennom heile livet har han høyrte om Noreg og spesielt om Uskedalen, men noko reise hit har det altså ikkje blitt av før no. Men dei norske tradisjonane vart godt ivareteke i heimen, mora var flink med rosemåling og det vart baka både lefse og krumkake. Også lutefisk stod sjølvstekt på menyen, men Paul var langt meir begeistra for kjøttkaker!

- Men enda viktigare er det at dei norske verdiane har vore ei rettesnor for meg gjennom livet. Den styrken eg sit inne med har eg fått frå Noreg, seier Paul

.Han og familien gjer unna Noreg på åtte dagar og er innom både Oslo, Bergen og Trondheim. Men sonen Leif møter ein kamerat i Amsterdam og så dreg dei Europa rundt i tre veker.

Av Ola Matti Mathisen